

Justis- og beredskapsdepartementet
Innvandringsavdelinga
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO



Oslo, 13. januar 2012

Vår ref.: 427.4/lrk/hmf
Dykkar ref.: 201105084

HØYRINGSSVAR FRÅ LNU TIL NOU 2011:10

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) viser til høyringsbrev frå det dåverande Justis- og politidepartementet av 4. juli 2011. Høyringa gjeld NOU 2011:10 I *velferdsstatens venterom*.

LNU representerer 98 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, med til saman over 500 000 medlemmer. LNU er ein interesseorganisasjon for medlemsorganisasjonane, og fremjar deira felles interesser for styresmaktene. Vi arbeider mellom anna for betre rammevilkår for barne- og ungdomsorganisasjonane, og for enkel og ubyråkratisk samhandling mellom styresmaktene og frivilligheita. LNU forvaltar sju støtteordningar på til saman ca 130 millionar kroner, på vegner av tre ulike departement.

LNU takkar for mulegheita til å gje innspel, og sender med dette våre kommentarar til kapitla 26 og 27 i NOU 2011:10, om einslege mindreårige asylsøkjjarar.

Kommentarar til kapittel 26

LNU vil peike på at utvalet sjølv, i avsnitt 26.4.3, slår fast at mindreårige asylsøkjjarar til liks med alle andre barn og unge har behov for fritidsaktivitetar som styrkjer meistringsskjensla og utviklar dei sosiale og kunnskapsmessige ressursane deira.

LNU meiner kunnskap om rettane til medverknad, til å bli høyrd, til deltaking og til eigenorganisering som Barnekonvensjonen slår fast, vil gjere det enklare for den enkelte mindreårige asylsøkjaren å seinare bli ein integrert deltakar i det norske samfunnet og demokratiet. Kjennskap om og kontaktar med det lokale sivilsamfunnet vil vere den beste inngangen til slik kunnskap, og kan vere avgjerande for forståinga og tilnærminga den enkelte kjem til å ha til det å bli høyrd og det å få delta. Særleg kan barne- og ungdomsorganisasjonane spele ei avgjerande rolle som inngang til frivilligheita, som skolar i demokrati og som ein hindringsfri nærmiljøarena der også einslege, mindreårige asylsøkjjarar deltek i aktivitetar dei vel og styrer sjølve.

LNU meiner på dette grunnlaget at tilbodet til mindreåriges asylsøkjjarar om deltaking i lokale frivillige organisasjonar må styrkjast, som eit ledd i det resiliensfremjande arbeidet og for å

Landsrådet for Noregs barne- og
ungdomsorganisasjonar (LNU)

The Norwegian Children and Youth Council
El Consejo de la Juventud de Noruega

Øvre Slottsgate 2 B,
NO-0157 Oslo
Telefon +47 23 31 06 00
Telefaks +47 23 31 06 01
lnu@lnu.no
www.lnu.no

Org.nr.: NO 971 435 739
Bankkonto: 8398 05 05475
SWIFT: HANDNOKK
IBAN: NO24 8398 0505 475





skape eit best muleg utgangspunkt for å byggje sosial kapital hos den enkelte. Ei slik styrking må skje gjennom utvida samarbeid mellom styresmaktene og frivillig sektor, nasjonalt og lokalt ved dei enkelte mottaka.

LNU meiner vidare at dei fleste nye tiltak med fordel kan bli finansierte gjennom å styrkje og målrette eksisterande støtteordningar. Mellom desse er LNU Mangfald og inkludering, som LNU forvaltar på vegner av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. LNU mottok i 2010 søknader for meir enn åtte gonger den summen som LNU har fått løyvd frå BLD til rådvelde for ordninga.

LNU viser vidare til tilrådingane frå utvalet i avsnitt 26.5, og *støttar*

- tilrådinga om ein "minstestandard for innkvartering av familier bestående av soverom, oppholdsrom, bad og spise plass."
- understrekinga frå *fleirtalet i utvalet* om "betydningen av at asylsøkende barn i størst mulig grad likestilles med andre barn når det gjelder velferdstilbud", og såleis tilrådinga om "at barn som er asylsøkere omfattes av det samme skole- og barnehage tilbud som andre barn i samfunnet", herunder rett til vidaregåande utdanning.

LNU vil dessutan vise til NOU 2011:20, Ungdommens maktutredning, og den vurderinga som utvalet bak utgreiinga kjem med i sin NOU, avsnitt 9.5.3, som gjeld barns asylforklaringar. *LNU sluttar seg til* dei vurderingane som her kjem fram:

[Det er] svært viktig at det slås fast at barnets asylforklaring aldri i seg selv skal danne grunnlag for å avslå foreldrenes asylsøknad, og at det skal iverksettes grundige undersøkelser når barn uoppfordret gir opplysninger som står i motstrid til foreldrenes asylforklaring. Det er bra at departementet vil gi nærmere retningslinjer for håndteringen av slike situasjoner. Det er etter utvalgets syn viktig at dette arbeidet gis høy prioritet og at det settes inn ressurser på å sikre at høringen av barn i disse sakene skjer i samsvar med retningslinjene. Det er også nødvendig med videre forskning på hvordan unge asylsøkeres informasjons- og uttalerett blir ivaretatt i praksis.

Kommentarar til kapittel 27

LNU viser til tilrådingane frå utvalet i avsnitt 27.7, om minstenormer knytta til tilbodet for einslege, mindreårige asylsøkjjarar mellom 15 og 18 år, og er glad for at dei store skilnadene i tilbodet blir sette på dagsorden.

LNU vil uttrykkje si fulle støtte til desse tilrådingane.

LNU vil i tillegg framheve at politiet må få styrkt kompetanse, klårare retningslinjer og tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre ei fullgod etterforsking når barn forsvinn frå asylmottak. Det er viktig at alle politidistrikt har like og like gode rutiner.

LNU vil til slutt igjen vise til NOU 2011:20, Ungdommens maktutredning, og den vurderinga utvalet bak utgreiinga kjem med i i sin NOU, avsnitt 9.5.3, som gjeld den





offentlege omsorgen for einslege, mindreårige asylsøkjjarar. *LNU sluttar seg til dei vurderingane som her kjem fram:*

[Det er] prinsipielt uheldig at enslige mindreårige asylsøkere i aldersgruppen 15–18 år ikke gis tilbud om plassering i omsorgssentre. Det er vanskelig å se rimeligheten i at barn under 18 år som oppholder seg i Norge uten foreldre ikke skal ivaretas av barnevernet. Tvert imot er dette uttrykk for en ekstrem forskjellsbehandling av norske og utenlandske barn som oppholder seg i Norge. Disse ungdommene er presumptivt i en særlig sårbar situasjon siden de har valgt å komme til landet som asylsøkere, og er neppe bedre i stand til å klare seg uten barnevernets omsorg enn andre ungdommer på samme alder. Utvalget kan ikke se at det er forsvarlig at ungdommer som ikke er ifølge med foreldre eller andre nærstående omsorgspersoner må bo på asylmottak. Økonomiske betraktninger eller usikkerhet med hensyn til aldersbestemming kan ikke forsvare en slik plassering.

Med helsing
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

Gunhild Grande Stærk /s/
leiar

A handwritten signature in black ink that reads "Martin V. Østerdal".

Martin Vonstad Østerdal
generalsekretær

